


## Sensorveiledning NOR103

### *Språkleg mangfald, variasjon og endring*

<b>Emnekode:</b>	LNOR10318 / LMUNOR10321
<b>Emnenavn:</b>	Språkleg mangfald, variasjon og endring Språkleg mangfald, variasjon og endring (5–10)
<b>Eksamensform:</b>	Munnleg eksamen (individuell) Norsk årsstudium (LNOR103): 35 minutt GLU5-10 (LMUNOR103): 30 minutt
<b>Dato:</b>	Norsk årsstudium: 16. og 17. desember 2021 GLU5-10: 20. og 21. desember 2021
<b>Faglærere:</b>	Åshild Søfteland (emneansvarlig) og Jessica P. B. Hansen (I tillegg har Mette Maria R. Gjerskaug vore rettleiar på nokon av FoU-oppgåvene)
<b>Eventuelt:</b>	For GLU5-10 er munnleg en deleksamen i tillegg til FoU-oppgåve



## Emnebeskriving og læringsutbytte

*NOR103 fokuserer på desse fagområda:*

- Talemålsvariasjon (dialektologi og sosiolingvistikk)
- Språkhistorie etter 1800
- Norsk som andrespråk og fleirspråklegheit generelt
- Sidemålsdidaktikk
- Nabospråksdidaktikk

*Lenke til emnebeskrivingane:*

- [LNOR10318 \(årsstudiet\)](#)
- [LMUNOR10321 \(GLU5-10\)](#)

*Forventa læringsutbytte for emnet:*

### Kunnskap

Kandidaten

- har god innsikt i talemålsvariasjonen i moderne norsk på historisk, dialektologisk og sosiolingvistisk grunnlag
- har god innsikt i språklege endringsprosessar i fortid og samtid
- har brei kunnskap om norsk språkhistorie (etter 1800)
- har kunnskap om fleirspråklegheit, fleirspråkleg praksis og om det å lære seg norsk som eit andrespråk
- har utvida innsikt i korleis elevar med norsk som andrespråk kan vidareutvikle skriveferdigheitene sine
- har kunnskap om svensk, dansk og samisk og kjennskap til andre nordiske språk og nasjonale minoritetsspråk

### Ferdigheiter

Kandidaten

- kan bruke kunnskap om talemål og skriftspråksnormering i skriveopplæringa
- kan legge til rette for og gjennomføre undervisning i den målforma som er sidemål for elevane

- kan bruke kunnskap om fleirspråklegheit for å legge til rette for god lese- og skriveopplæring på 5.-10. trinn for elevar med norsk som andrespråk
- kan legge til rette for variert nabospråksundervisning
- kan bruke vitenskapsteoretisk og metodisk kunnskap i utforminga av ei eiga, profesjonsretta FoU-oppgåve (GLU5–10)

## **Generell kompetanse**

### Kandidaten

- kan vurdere norskfaget og eigen praksis som norsklærer og grunngi vurderingane
- har innsikt i norskfagets forskning og faghistorie og kan reflektere kritisk og konstruktivt ut frå slike perspektiv på faget
- kan rettleie elevar i arbeidet med tekstar slik at dei kan utvikle seg sjølve og førebu seg for aktiv deltaking i offentlege rom
- kan sjå faget i eit større danningperspektiv og undervisninga som ein del av opplæringa i eit aktivt deltakardemokrati

## **Formelt om munnleg eksamen i emnet**

I emnebeskrivingane står det følgjande om den munnlege eksamensforma:

### **LNOR10318 (årsstudiet)**

*Individuell munnleg eksamen*

*Varighet: totalt ca. 35 minutt.*

*Den munnlege eksaminasjonen er todelt. Først presenterer studenten eitt av arbeidskrava sine (sjølvvalt, ca. 5 minutt). Presentasjonen skal vere reflekterande rundt eigen læringsprosess, ikkje berre eit referat av det faglege innhaldet. Deretter følgjer ein eksaminasjonsdel på omlag 30 minutt, der sensorane og studenten har ei fagleg samtale med utgangspunkt i tema frå emnet. I vurderinga vil både det faglege innhaldet og dei munnlege ferdigheitene bli vurdert.*

*Tillatne hjelpemiddel: Ingen.*

*Karakterregel: A-F.*

## LMUNOR10321 (GLU5–10)

*Deleksamen 2: Individuell munnleg eksamen (vektning 50 %), varigheit ca. 30 minutt*

*Tillatne hjelpemiddel: Ingen*

*Karakterregel: A-F.*

Ved overgang til digital eksamen (Zoom) vil det i praksis bli mogleg for studentane å ta i bruk hjelpemiddel i ei viss grad (notatar og lærebøker).

### **Oppgåver som blir gitt**

Studentane på **norsk årsstudium** startar med å presentere eitt av arbeidskrava dei har hatt:

- Munnleg og/eller praktisk oppgåve innanfor dialektologi og sociolingvistikk.  
Arbeidskravet blir gjennomført i gruppe.
- Skriftleg oppgåve om språkhistorie (individuell eller i par) (målform: nynorsk)
- Skriftleg oppgåve om norsk som andrespråk (individuell) (målform: bokmål)

Studentane på **GLU5-10** startar med å presentere FoU-oppgåva si:

- FoU-oppgåva blir gjennomført individuelt eller i par og har eit omfang på 5000 eller 6000 ord (valfri målform). Oppgåva skal være profesjonsretta med tematisk forankring i pedagogikk og fagdidaktikk. Det inneber at den skal knytast til praksisfeltet eller andre sider ved skulen, og fagdidaktikk relevant for innhaldet i emnet.

Etter dette får alle studentar ei målprøve. Alle studentane på årsstudiet blir i den samanhengen også spurt om hovudinndeling av norske dialektar, tradisjonelt og utvikling i dag. Deretter går vi over i trekkoppgåver med utgangspunkt i ulike tema frå emnet.

### **Gangen i eksamen**

*Norsk årsstudium:*

1. presentasjon og eigenrefleksjon rundt eitt av arbeidskrava (3–5 minutt)
2. målprøve + oversikt over det norske dialektlandskapet (ca. 10–15 minutt)
3. trekkoppgåve(r) frå andre tema i emnet (ca. 20–25 minutt)

GLU 5–10:

1. presentasjon av FoU-oppgåva (ca. 5 minutt)
2. målprøve (ca. 5–10 minutt)
3. trekkoppgåve(r) frå andre tema i emnet (15–20 minutt)

### Trekkoppgåver

- Språkhistorie
- Nordiske språk og nabospråk
- Sidemålsdidaktikk
- Fleirspråklegheit med samfunnsperspektiv (inkl. t.d. samisk)
- Fleirspråklegheit med individperspektiv (inkl. t.d. andrespråksdidaktikk)
- Mellomspråk/andrespråksutvikling (berre trekkoppgåve i årsstudiet)
- Oversikt over det norske dialektlandskapet (berre trekkoppgåve i GLU5-10)

Sosiolingvistiske og didaktiske tilnærmingar er gjennomgåande i alle tema.

Sidan mange tema i emnet overlappar med kvarandre, vil det i mange tilfelle vere naturleg å komme inn på tema frå andre oppgåver enn det som er trekt.

### Vurderingskriterium

I tillegg til læringsutbyttebeskrivingane for emnet (sjå ovanfor) og nasjonale karakterbeskrivingar for norsk-/nordisk-faget (sjå nedanfor) blir følgjande vektlagt i vurderinga:

- Fagkunnskap – framstå som ein del av fagmiljøet / den faglege diskursen i gruppa
- Bruk av fagbegrep, gi eksempel, kunne snakke om språkleg variasjon
- Eigenrefleksjon

Kunnskap om og bevisstheit rundt *haldningar* til språkleg mangfald/variasjon/ending er også spesielt viktig.

## **Karakterskala** (nasjonale beskrivingar for norsk-/nordiskfaget) (nye 2021)

Karakter og presisering av kriterium:

### A – Framifrå

Framifrå innsikt i det kunnskapsinnhaldet som er definert for fagnivået. Tilsvarande evne til sjølvstendig, kritisk vurdering og problemløysing. Framifrå formuleringsevne og svært sikker språkføring.

### B – Mykje god

Svært god innsikt i kunnskapsinnhaldet som er definert for fagnivået. Tilsvarande evne til sjølvstendig, kritisk vurdering og problemløysing. God formuleringsevne og sikker språkføring utan vesentlege feil.

### C – God

God innsikt i kunnskapsinnhaldet som er definert for fagnivået. Tilsvarande evne til vurdering og problemløysing. God formuleringsevne og sikker språkføring utan alvorlege systemfeil.

### D – Nokså god

Akseptabel innsikt i kunnskapsinnhaldet som er definert for fagnivået, men med vesentlege manglar. Tilsvarande evne til kritisk vurdering og problemløysing. Litt usikker formuleringsevne og språkføring.

### E – Tilstrekkeleg

Eit visst kunnskapsnivå i høve til det som er definert for fagnivået. Lita evne til vurdering og problemløysing. Usikker formuleringsevne og fleire systemfeil

### F – Ikkje greidd

Tilfredsstillar ikkje minimumskrava til det kunnskapsnivået som er definert for fagnivået. Manglande evne til kritisk vurdering og problemløysing. Ikkje tilfredsstillande språkføring og mange alvorlege systemfeil. Å ikkje svare på ei obligatorisk oppgåve til eksamen vil normalt gi karakteren F.